DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

# Referat

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen
**Dato:** 21. september 2017
**Tid:** Kl. 18.00
**Møtenr.:** 5/2017
Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

**Faste medlemmer som har møtt:**

| **Namn** | **Funksjon** |
|---|---|
| Rasmus Fitjar | Leiar |
| Gunvald Aarbø | Medlem |
| Helga Olsen Aadland | Medlem |
| Mette E. Lambach | Medlem |
| Bodil Nesse | Medlem |
| Sigrid Marie Fangel | Medlem |
| Sindre Aarbø | Medlem |
| Olav J. Oma | Sokneprest |
| Sigurd André Maraas | Kommunal representant |
| | |
| Harald Rydland | Kyrkjeverje |

**Forfall:**

| **Namn** | **Funksjon** |
|---|---|
| Terje Havro | Nestleder |

**Varamedlemmer som møtte:**

| **Namn** | **Funksjon** |
|---|---|

**Varamedlemmer som ikkje møtte:**

| **Namn** | **Funksjon** |
|---|---|
| Peder Rygg Drønen | 1. varamedlem |
| Arne Prestbø | 2. varamedlem |
| Solbjørg Larsen Tverderøy | 3. varamedlem |
| Tove Helen Løland Aarskog | 4. varamedlem |
| Aase Rygg H. Nøttveit | 5. varamedlem |
| Agnar Aarskog | Vara for kommunal repr. |
| Svein Arne Theodorsen | Vara for soknepresten |

DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

## Sakliste:

| Saksnr. | |
|---|---|
| F-21/17 | Utlysning av stilling som barne- og ungdomsprest |
| F-22/17 | Rekneskap pr. 31.8.2017 |
| F-23/17 | Godkjenning av referat |
| F-24/17 | Meldingssaker |
| F-25/17 | Open post |

### Sak 21/17: Barne- og ungdomsprest

**Framlegg til vedtak:**
Fitjar kyrkjelege fellesråd vedtek å etablera ei 100 % stilling som barne- og ungdomsprest i Fitjar sokn. Arbeidsutvalet får fullmakt til å førebu utlysing og tilsetjing. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av fellesrådet.

**Behandling i fellesrådet 21. september 2017:**
Diskusjon om ordlyden i overskrifta til annonsen for utlysning. Arbeidsutvalet lagae eit forslag som fellesrådet får til høyring.
Det er ynskjeleg å få utlyst stillinga i november samstundes med utlysing av prestestilling i Nysæter kyrkje i samråd med prosten.
Ein må få ut informasjon til medlemmene om at stillinga som kyrkjelydsprest må uansett lysast ut igjen sidan den er eit 2 årig engasjement som går ut i februar 2018.

**Vedtak (samrøystes):**
Fitjar kyrkjelege fellesråd vedtek å etablera ei 100% stilling som kyrkjelydsprest/barne- og ungdomsprest i Fitjar sokn. Arbeidsutvalet får fullmakt til å førebu utlysing og tilsetjing. Forslag til utlysing vert sendt på høyring til fellesrådet. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av fellesrådet.

### Sak 22/17: Rekneskapsrapport pr. 31.8.2017

**Framlegg til vedtak:**
Fellesrådet tek orienteringa om rekneskapet pr. 31.8.2017 til vitande.

**Behandling i Fellesrådet 21. september 2017:**
Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte fellesrådet om rekneskapsrapporten for dei første 8 mnd. av 2017.

**Vedtak (samrøystes):**
Som framlegg.

### Sak 23/17: Godkjenning av referat

**Framlegg til vedtak:**
Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 28. juni 2017.

**Behandling i Fellesrådet 21. september 2017:**

**Vedtak (samrøystes):**
Som framlegg. Overskrifta må endrast frå møteinnkalling til referat.

**Sak 24/17: Meldingsaker**

**Framlegg til vedtak:**
Fellesrådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fellesrådet 21. september 2017:**
I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Økonomien i orgelprosjektet
   Ein manglar fortsatt kr 177.100,- før orgelet er fullfinansiert. Innsamlingskomiteen arbeider vidare med saka. Ein ynskjer også å dokumentera alle dugnadstimane som er gjennomført i orgelprosjektet.
2. Plan for bruk av gravplassen (dokumentet er vedlagt)
   Jfr. Akasia som har laga ein oversikt over gravplassen for 40 år framover, der ein kan unngå å utvida den ved gjenbruk av forelda graver.
3. Drenering på gravplassen
   Ein har starta graving og fylling av grus for å få drenert bort vatn som har samla seg på visse deler av gravplassen.
4. Flytting av kyrkjekontoret
   Det vert flytting av kyrkjekontoret til det tidlegare legekontoret i rådhuset. Det skal lagast eigen inngang til det nye kontoret.
5. Tilstandsrapport for kyrkjebygget
   Ein har fått ein mann til å gjera undersøking av kyrkja si byggtekniske tilstand.
6. Fitjar kyrkje, brannvarsling
   Det er montert eit sendesystem om brann til politisentralen. Det er montert ein boks m/nøkkel ved brannalarm som går til sokneprest, kyrkjeverje, gravar og brannvesenet. Anlegget som har kosta ca. kr 20 000 sugaogså røyk frå utsida av kyrkja.
7. Dugnadsarbeid i kyrkja og på kyrkjegarden
   Det er laga ei prosjektliste for maling av kyrkja og stell på kyrkjegarden om onsdagane.
8. Tilsetjing av reinhaldar
   Marta Rimmereid er tilsett i 10% stilling som reinhaldar.
9. Mellombels tilsetjing på kyrkjekontoret
   Elisabeth Oma er mellombels tilsett ved kyrkjekontoret i 40% stilling sidan Silje er slutta. Ho skal gjera kontorarbeid, hjelpa til med praktisk arbeid i forhold til trusopplering og oppdatera kyrkja si heimeside på nett.

**Vedtak (samrøystes):**
Som framlegg.

**Sak 25/17: Open post**
Ingen innmelde saker.

**Signering:**

**Sekretær** ……………………………………..

**Leiar** ……………………………………..